

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Fana, 9.4.2014

Klage på vedtak

Naturvernforbundet Hordaland påklagar med dette vedtaket i Kvinnherad kommunestyre av 20. mars 2014 i sak 2014/13 om ny ferjekai på Varaldsøy (Fv126 - Kvinnherad kommune).

Grunnlaget for klagen er følgjande:

1. Kommunestyret har gjort vedtak om å flytta ferjekaien frå Skjelnes til Skjelnesodden utan å vita dei miljø- og samfunnsmessige kostnadane og konsekvensane, og mot tilrådinga frå den uavhengige konsulentrapporten. Rådmannen skriv då og at «*Begge desse forholda (framtidig rutetilbod og ver- og straumforhold) må seiast å framleis vere noko uklare.*» Dette er etter vår meining i strid med kravet om kunnskapsbasert forvaltning i §9 i Naturmangfaldlova.
2. Rådmannen meiner at utgreiingskrava i Naturmangfaldlova er oppfylt, men i vedtaket frå Kvinnherad kommunestyre er ikkje tiltaket vurdert opp mot Naturmangfaldlova i det heile. Kommunestyret har tvert imot gått imot tilrådinga i konsekvensutgreiinga og valt det alternativet som har klart størst negativ konsekvens for naturmangfaldet. Dette er etter vår meining ein saksbehandlingsfeil og brot på kravet om kunnskapsbasert forvaltning.
3. I vedtaket legg ein til grunn at ein kan ”*nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase*” for å koma til den nye ferjekaien, for å spare pengar. Dette meiner vi er i strid med krava til trafikktryggleik på fylkesveg, og vart då også påpeika i konsulentrapporten.

Med vennleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
leiar

Oddvar Skre

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2013/252-74

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/16	Formannskapet	06.03.2014
2014/13	Kommunestyret	20.03.2014

Kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy - slutthandsaming

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy. Det er ikkje varsla motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

1. Alternativ 2 med begge variantar (2a og 2b) vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.
2. Ved utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket skal det avgjerast om det er alternativ 2a eller 2b som er mest tenleg.
3. I detaljreguleringsplan for tiltaket kan kommunen godta forenkla tekniske løysingar så lenge tryggleik, miljøomsyn og kapasitet får tilfredsstillande kvalitet.
4. I reguleringsplanen skal det leggjast vekt på avbøtande tiltak og å dempe konflikt med dokumenterte naturverdiar, friluftsiinteresser og næringsinteresser. Eit større areal enn det som er bandlagt i kommunedelplanen kan gå inn i reguleringsplanen for å sikra dette.
5. Ved endeleg vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.
6. Finansiering av reguleringsplanarbeidet skal vurderast ved budsjettrevisjonen våren 2014, og rådmannen skal starta arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan snarast mogleg etter at dette arbeidet er fullfinansiert.

Behandling i Formannskapet den 06.03.2014

Delt ut på møtet: epost datert 05.03.14 frå Ole Skjelnæs.

- Innstillinga samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 06.03.2014

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy. Det er ikkje varsla motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

1. Alternativ 2 med begge variantar (2a og 2b) vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.
2. Ved utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket skal det avgjerast om det er alternativ 2a eller 2b som er mest tenleg.
3. I detaljreguleringsplan for tiltaket kan kommunen godta forenkla tekniske løysingar så lenge tryggleik, miljøomsyn og kapasitet får tilfredsstillande kvalitet.
4. I reguleringsplanen skal det leggjast vekt på avbøtande tiltak og å dempe konflikt med dokumenterte naturverdiar, friluftsiinteresser og næringsinteresser. Eit større areal enn det som er bandlagt i kommunedelplanen kan gå inn i reguleringsplanen for å sikra dette.
5. Ved endeleg vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.
6. Finansiering av reguleringsplanarbeidet skal vurderast ved budsjettrevisjonen våren 2014, og rådmannen skal starta arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan snarast mogleg etter at dette arbeidet er fullfinansiert.

Saksutgreiing:

Formannskapet vedtok i møte 10.10.2013 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til kommunedelplan for ferjekai på Varaldsøy. Saksutgreiinga følger som vedlegg til denne saka.

Høyring og offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 17.10. – 20.12.2013, men ein skilde fekk etter førespurnad utsett frist. Det har kome merknader til planframlegget frå ca. 30 etatar, organisasjonar og private avsendarar. Ingen av høyringsinstansane har fremja motsegn til nokon del av planen og kommunen har med det grunnlag for å eigengodkjenna planen.

Samandrag og kort vurdering av kvar av merknadane følger som vedlegg til denne saka. Her er eit oversyn over merknadane:

- Myndigheiter
 - NVE: Melder at dei ikkje har merknadar
 - Vegvesenet: Tek ikkje stilling til alt. 1 eller alt. 2, men meiner Glevika er best av 2a og 2b.
 - Fylkesmannen: Rår til alt. 1 grunna naturinngrepa ved alt. 2
 - Sjøfartsmuseet: Lågast konfliktpotensial ved alt. 2
 - Kystverket: Begge alternativa er uproblematisk i høve til nautiske utfordringar, mogleg føremun å koma seg vekk frå eksisterande kai
 - Hordaland fylkeskommune: Går inn for å flytta ferjeleiet til Skjelnesodden. Sjå også uttalen deira lenger nede i saksutgreiinga.
- Næringsliv
 - Nortura, Eide Fjordbruk, Marine Harvest og Varaldsøy Bondelag ønskjer alt 2.
 - Innehavar av matbutikken på Varaldsøy ønskjer alt. 1
 - Eigar av Hestviken ønskjer alt. 1
- Grunneigarar
 - Berre merknad frå Sameige Skjelnes; er positive til å avstå grunn til alt. 2
- Tilreisande og hytteeigarar
 - Berre to-tre merknader; nokre er for flytting av ferjekaien og nokre er imot
- Innbyggjarar
 - Varaldsøy bygdelag med vel 130 underskrifter ønskjer alternativ 2
 - 10-12 andre lokale avsendarar er for flytting av ferjekaien, éin er imot
- Andre

- Naturvernforbundet Hordaland meiner opprusting av dagens ferjekai er best og viser ma. til naturinngrep og ulemper for friluftsliv ved alternativ 2

Hordaland fylkeskommune handsama sin uttale i møte i Kultur- og ressursutvalet 11.02.2014 etter å ha vore på synfaring den 06.02. Fylkeskommunen har gjort slikt vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.
2. Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg fergeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt fergeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjeringar i strandsona. Glevika og Hestvika må skjermast frå inngrep.
3. I vidare utgreiing skal kostnadsreducerande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt. 1 og 2 tilnærma like.
4. Undersøkingssplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen.

Rådmannen hadde von om at høyringa ville styrkje kunnskapsgrunlaget i planen med omsyn til framtidig rutetilbod og i kva grad ver og straum spelar inn for val av alternativ, men aktuelle myndigheiter har ikkje kommentert desse tilhøva. Begge desse forholda må difor seiast å framleis vere noko uklare.

Mange av dei som går inn for flytting av ferjekaien til Skjelnesodden viser til at dette fører Varaldsøy tettare til hovudsambandet Årsnes – Gjermundshamn, og at det dermed ligg godt til rette for fleire anløp og kortare overfartstid. Gevinstane ved dette er mellom anna forbetra pendlingsmoglegheiter og større fleksibilitet i gods- og persontransport. Rådmannen er samd i at dette vil vere positive effektar av å flytta ferjekaien, men så lenge krav til ruteopplegg og ferjemateriell ikkje er direkte knytt til gjennomføring av arealplanen er ein ikkje sikra full utteljing av dette. Denne usikkerheita er likevel ikkje større enn at rådmannen meiner dei samfunnsmessige føremunene ved ei flytting av ferjekaien er store.

I fleire merknader vert det peikt på at ny veg og ferjekai er planlagt med unødig høg standard sett i forhold til trafikkmengd og praktiske behov. Rådmannen meiner at det ved detaljregulering bør leggjast vekt på tilpassing av standard og fasilitetar slik at kostnadsramma kan senkast til eit gjennomførbart nivå. Forenkla løysingar i høve til krava i Statens vegvesen si handbøker kan akseptertast så lenge tryggleik, miljøomsyn og kapasitet får tilfredsstillande kvalitet.

Dei fleste som rår til opprusting av noverande ferjekai viser til at ei flytting til Skjelnesodden vil gje store naturinngrep og vere i konflikt med biologisk mangfald og friluftslivsinteresser. Rådmannen meiner Skjelnesodden tvillaust har store naturverdiar og at ei utbygging må ta omsyn til dette. Vegtraseen vil i hovudsak følgje ein etablert skogsbilveg, og denne vegen har fleire stader nærføring til prioriterte naturtypar. Sjølve ferjekaien vil måtte byggjast i jomfrueleg terreng. Med avbøtande tiltak og tilpassing av vegstandarden meiner rådmannen at naturinngrepa kan akseptertast når dei vert vegd opp mot føremunene ved flytting av ferjekaien.

Høyring og offentleg ettersyn av planen har vist at planmaterialet har tilstrekkeleg kvalitet til at kommunen kan basera sitt val av alternativ på dette og gjere bindande vedtak om val av løysing for framtidig ferjekai

Økonomisk konsekvens:

Ferjekai og tilhøyrande veg er del av fylkesvegnettet; bygging og drift skal følgjeleg kostast av Hordaland fylkeskommune. Varaldsøy bygdela har gjort egne vurderingar av byggekostnadane ved hjelp av fagfolk og kome til at flytting av ferjekaien med nokre tilpassingar kan verte vesentleg rimelegare enn føresett i planmaterialet. Rådmannen kan ikkje stadfesta desse utrekningane, men har grunn til å tru at tilpassing av prosjektet kan gje vesentlege innsparingar.

Planarbeidet vert finansiert som ei pakkeløysing. Formannskapet la dette til grunn for sitt vedtak om organisering av planarbeidet i vedtak 23.04.2012:

Forskotering reguleringsplan kr. 500.000,- frå Varaldsøy bygdelag, tilskot på kr. 500.000,- til kommunedelplanarbeid frå Hordaland fylkeskommune og kr. 500.000,- sett av i Kvinnherad kommune sitt investeringsbudsjett. Til saman 1,5 mill.kr. til naudsynt planarbeid for å realisera ny ferjekai.

Til no har utarbeiding av planmaterieill kosta ca. kr. 815.000,-. Fylkeskommunen sitt tilskot er allereie overført til kommunen. Bygdelaget si forskotering er førebels ikkje teke i bruk. Av den opphavlege finansieringspakka står det altså att snautt 700.000,-. Prosjektet er ikkje vidareført i kommunen sitt investeringsbudsjett for 2014, men rådmannen rår til at dette vert gjort ved budsjettrevisjonen i mai slik at planarbeidet kan gå vidare utan nemnande avbrot.

Miljømessig konsekvens:

Dette går fram av plandokumenta. Rådmannen meiner utgreiingskrava i naturmangfaldlova §§ 7 – 12 er oppfylt.

Vedlegg:

1. Revidert plankart
2. Føresegner
3. Samandrag av merknader til planframlegget
4. Saksutgreiing og vedtak om høyring/off. ettersyn

Lenker:

Planforklaring med konsekvensutgreiing:

http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/getfile.aspx/ephdoc/?db%3DEPHORTE%26ParamCount%3D2%26DL_DOKID_DB%3D315240%26DL_JPID_JP%3D265158

Utgreiing av ikkje-prisette konsekvensar:

http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/getfile.aspx/ephdoc/?db%3DEPHORTE%26ParamCount%3D2%26DL_DOKID_DB%3D315245%26DL_JPID_JP%3D265158

Alle dokument i saka (ved søk på innsyn.kvinnherad.kommune.no: saksår 2013, sak nr. 252):

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/Modules/innsyn.aspx?mode=sa&SelfPanel=2&ObjectType=ePhorteCase&VariantType=Innsyn&ViewType=Detail&Query=ePhorteCase.ID:39202>